

## **Referat frå styremøte i Oppland Bygdekvinnelag 04.05.19**

Tilstades: Marit,Helga,Mari Marthe,Kari,Nanna,Borgny,Kristine(OBU)

Forfall: Bjørnhild (OBL)

### **27/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Godkjent

### **28/19 Godkjenning av protokoller**

Protokoll frå møtet 16.3.2019 er godkjent pr.e-post frå det gamle styret i OBK.

Protokoll frå møtet 30.3.2019 blir godkjent pr.e-post etter styremøtet.

### **29/19 Referatsaker**

- Kontigenten av æresmedlem Ruth Røn

Marie Aaslie i NBK klara opp dette.Ruth Røn ble utnevnt til æresmedlem i OBK på årsmøtet i 2012.

Difor skal OBK betale kontigenten hennar.

- Årsmøte 2020

14.-15.Mars 2020 på Hafjell Hotell. Plass er reservert.Prisen har økt med 100kr pr.deltaker.

### **30/19 Orientering**

1,Marit har vore på Fylkesledersamling og informerte frå der.

-Kvinner ut går over til å vera eit kompetansegivende opplegg.

-Laga kan søke støtte innen 31.12.19 , men treng ikkje gjennomføre før 2. juni 2020.

-Mat,matkultur,organisasjonsopplæring,kjøkkenhage,håndarbeid,språk mm.

-Lokallaga kan søke støtte i Gjensidige stiftelsen. Laget må vera registrert i Frivillighetsregisteret.

-Bygdekvinneprisen "kjerringa mot strømmen". Prisen blir på 40.000 og forslag kan sendes inn til NBK innan September 2019.

-18.10.19 skal det vera ei stor konferanse i Oslo saman med Norges husflidslag. Forbundet kysten og Norges Bygdekvinnelag.Unesco og frivilligheten.

-Vi blir oppfordra til å bruke heimesida meire.

-Ung 30. Troverdig tilbud til dei yngre medlemmane.

Tips: Egen møteplan for dei yngre. Få med yngre medlemmar når årsplan skal skrives.

-Organisasjonsarbeid. Nytt medlemsregister. Skal bli enklare å tegne støttemedlemsskap.

-Regionreformen: NBK legg ingen føring for arbeidet med fylkessammenslåing og kva for veg fylkes- og lokallagene skal gå.

-Frist for å sende inn og få att momskompensasjon 2018 er 20.6.

Byggaksjon 23.5. i forbindelse med jordbruksforhandlingane.

-Inspirasjonsseminaret i Trondheim i November.Fylkesstyret bør reise, og oppfordre lokallaga til å sende nokre.

-Prosjektet vi har saman med Utviklingsfondet. Det oppfordres til at lokallaga gje ei lita gave, evt sel nokre av handverkprodukta eller gjev pengane frå ei utloddning så hjelp det mykje. NBK stt engasjement i Gu de har ein forplikteles at vi bidreg med 150.000 i året.

**31/19 Regionreform og innsending av høyringa.**

Vi jobba godt med svara frå lokallaga og sender inn eit felles svar frå Oppland.  
Svaret frå Oppland vil ligge på nettsida vår.

**32/19 Regionmøter,tema/foredragsholder/plassering/dato/inspirasjon ut til laga**

Lokallaga ynskjer fleire regionmøter

I haust blir det to delt regionmøte

Forslag:2.11.2019 på Dale Gudbrand og 16.11. på Toten Hotell Sillongen.

Kari tek ansvaret for å bestille Sillongen, og Borgny på Dale Gudbrand.

Tid til Idemyldring

Forslag til foredragsholder:

Bygg:Einar Risvik,Marit ringer.

Folkehelse: regionane har nokon som kan komme å prate om det er noko vi kan vera med i som Bygdekinnelag.

**33/19 Nytt frå OBU og OBL**

**Bygdeungdomslaget**

Dei har revy våren 2020.

Høst arr oktober 2020 der dei treng dugnadsarbeid. Sannsynlegvis Hadeland (Gran)

Dei har ikkje hatt møte enda i komiteen.

NBU redder verden litt- rydder heile veka.

Valdres er berre eit lag, difor vurdere dei å dele opp laget meire,men veit ikkje om det løner seg.

Jobbe aktivt ut mot ungdomsskulen og vidaregåande skule og legge tilrette med fks at det passer med buss heim.

**Bondelaget**

Plast plukking og jordbruksavtala tek mykje tid nå.

**34/19 Studiearbeid.Organisasjonsskolen,tradisjonsmatskolen,anna studiearbeid som foregår i lokallaga.**

Kvinner UT2,kurs for yngre medlemmer t.d.

Marit tek ein prat ang. Nærings og samfunn.

Vi i fylkesstyret vel å fylgje opp og med i det lokallaga våre gjer.

**35/19 Innspel frå regionkontaktane:**

Eina Bygdekinnelag: Kari sa ein del om det ekstra ordinære årsmøtet dei hadde 17.1.2019  
Dei vil ha Bygdekinnelag,men ingen som hadde lyst til å sitte i styret.

Marit og Kari sender eit brev til medlemmane i Eina og informerer om støttemedlemsskap, og informerer om kva for lag som fins rundt dei der dei kan bli medlemmar og sender med årsplan.

Biri Bygdekvinnelag savner å få meldig om nye medlemmar.

**36/19** **TV-aksjonen 2019.** Care International er TV-aksjonsmottaker i år.  
Marit informerte.

**37/19** **Eventuelt:**  
Anne Mari Amlien har sendt eit info brev om at ho ynsjer å arrangere eit kurs for oss.

Marit skriv ein liten oppsummering frå møtet og sender det til regionkontaktene som videresender dette til lokallagsledere i regionen.

Kari var i Oslo på utdeling av kreftforskningsprisen 2019 9.4.  
Anne Simonsen og Norwegian Breast Cancer Group (NBCG) fekk den.  
Kari får dekka reisa til dette av OBK.

Oppland Bygdekvinnelag gjev inntil 500 kr til dei ungdommane som underheld på arrangementa våre. Borgny sender mail til Anne Irene om desse utbetalingane.

Hoverud Svendsen som sang på Gomobu får og 500 kr.

Neste møte 1.6.2019

Ref.Borgny